

Referat frå SU-møte 20. september 2021

Desse møtte:

Rune Lunde (nestleiar i SU), Olaug Marie Bjelde (eigarrepresentant), Anne Kristin Lund (referent), Birgit Berg Hustveit (vara foreldrerep.), Jorunn Marie Bøyum Halland (tilsettere representant), Hildegunn Bergheim (tilsettere representant) Mette Johannessen (tenesteleiar).

Fråfall: Marit Tveite Bystøl (leiar i SU)

Sak 9/21 Godkjenning av sakslista og innkalling

- Alle innkomne saker er informert om, og det er ingen merknader.

Sak 10/21 Infosaker frå styrrar

- **Informasjon som vart sendt ut om organiseringa i Kjørnes barnehage til nye foreldre:**
 - Slik som det er no er årskulla so store at dei fyller ein avdeling, og me har aldersreina avdelingar.
 - Alle barna får med seg kjende vaksne og barn når dei byter avdeling.
 - Korleis fordelinga skjer, aldersblanda/aldersreine, kjem an på storleiken på gruppene.
 - Kjørnes barnehage er ikkje ein tradisjonell barnehage med faste avdelingar; delinga mellom ute- og innebarnehage set nokre rammer i forhold til at vår profil er at dei to eldste kulla skal byte på å vere 2 veker inne på vanleg avdeling og 2 veker ute på

Furehaugen. Av og til får òg nokre lilla (3-åringar) vera på utegruppa fordi det ikkje er nok 5- og 4-åringar til å fylle to avdelingar.

- Men ved at dei vaksne føl barna vidare til neste avdeling legg me til rette for at barna skal oppleve stabilitet og tryggleik i overgangane.

- **Utbygginga til permanent 6-avdelings barnehage**
 - Byggeprosessen har gått veldig fint, og me greidde å organisera og tilpassa oss slik at me ikkje trengte å flytte avdelingane Knubben og Skuleholten til Fosshagen barnehage for ein periode.
 - Avdelingane Knubben og Skuleholten, personalrom og garderobar vart klare til nytt barnehageår 16. august.
 - No arbeidar dei med administrasjonsdelen, som skal vera klar i oktober.
 - Har fått kome med innvendingar i byggeprosessen. Har hatt god dialog med entreprenørane under prosessen. Har klart å behalda uteområdet på ein god måte.

- **Oppstarten av barnehageåret 2021/2022**
 - Me er i år 6 avdelingar; 3 småbarnsavdelingar i Gulehuset og 3 storbarnsavdelingar som held til på Knubben, Skuleholten og Furehaugen.
 - Me er 91 barn, og 31 av dei var nye dette barnehageåret.
 - Me har 20,1 årsverk (9 av årsverka er barnehagelærar) + 1,5 årsverk styrarressurs og 4,6 årsverk spes.ped §31/ ekstra ressurs §37 i barnehagelova.
 - Me har òg nokon som er i språkpraksis, arbeidstrening og aktivitetstiltak hjå oss.
 - I løpet av året er det både barnehagelærarstudentar og elevar frå Helse og oppvekst vgs. som skal ha praksis i Kjørnes barnehage.
 - Fint at borna fekk bli kjent med avdelingane sine før oppstart.

- **Barnehageplan for barnehagar i Sogndal kommune 2021 – 2036**
 - FAU-representantar var kalla inn til digitalt info-møte 31.august.
 - Det var digitalt folkemøte 16.september; opptak av dette ligg ute på Sogndal kommune si heimesida. Fin gjennomgang på det digitale folkemøte - ligg ute på heimesida - gå inn og sjå.

- Gode diskusjonar, prognoser og oppdaterte tall. Spanande å sjå kva som skjer med Trudvang skule. Skule- og barnehageplan blir dei store sakene i tida framover i kommunen.
 - Me må passa på at det blir satt av midlar til vedlikehald og utbetringar av barnehagen slik som Norconsult har skissert.
 - Folkemøte Sogndal onsdag 22.september kl. 18–20 på Sogndal Hotel.
 - Høyringsfrist 10.oktober.
 - De finn meir info her: [Folkemøte om barnehage og skule - SOGNDAL KOMMUNE](#)
- **Barnehagefotografering**
 - Mette bestiller barnehagefotograf til gruppe- og portrettbilete fotografering i mai 2022.

Sak 11/21 Foreldremøte

- **Torsdag 7. oktober**
 - **Småbarnsavdelingane (Kleivane, Vetlebekken og Nyperusti) kl. 18:00 – 20:00.**
 - Info frå avdelinga kl. 18:00 – 18:45.
 - Val av foreldrerepresentant kl. 18:45 – 19:00.
 - Kafédialog kl. 19:00 – 20:00.
 - **Storbarnsavdelingane (Knubben, Maurtua og Bjørnehiet) kl. 18:45 – 20:45.**
 - Kafédialog kl. 18:45 – 19:45.
 - Val av foreldrerepresentant kl. 19:45 – 20:00.
 - Info frå avdelinga kl. 20:00 - 20:45.
- **Kafédialog med tema Prosjekt Livsmeistring – robuste barn og unge**
 - Gjere barn og unge rusta til å takle medgang og motgang i livet
 - Gje barn og unge som bor i Luster- og Sogndal kommune like moglegheiter til å utvikle ei god og robust psykisk helse.
 - Lage eit heilskapleg og systematisk løp for livsmeistring i barnehage – grunnskule i samarbeid med helsestasjon.
 - Gi barn og unge i Sogndal- og Luster kommune kompetanse, dugleik og verktøy til å kunne utvikle ei god og robust psykisk helse.

- Utvikle og implementere ein plan for systematisk foreldresamarbeid i barnehage og skule, og for samhandling mellom føresette.
- 2020-2022: Kartlegging og medverknad
- Vår 2022: Analysering- tiltaksutvikling
- Haust 2022: Utprøving av tiltak
- Dette prosjektet heng tett saman med satsingane IBOS, psykisk helse og BTI.
- Mette sender ut lenka til BTI-sida på nytt.

Sak 12/21 Godkjenning av årsplan for barnehageåret 2021/2022

- Barnehagane organiserast på Grønt nivå etter korona-trafikklysmoellen; det betyr at me kan samarbeida på tvers av avdelingane og ha vanleg organisering.
- Det var ikkje nødvendig med store endringar i årsplanen utifrå det som kom fram i evalueringa foreldre og tilsette svara på før sommaren.
- I år kan me ha foreldrearrangement.
- I evalueringa kom det innspel om:
 - FAU representantar er ansvarlege for grilling, og servera grillmat til vaksne og barn (treng ikkje vere meir avansert enn pølser) på sommarfesten. Foreldre og besteforeldre er velkomne- betalar inngangspeng når dei kjem (dei eldste borna tar i mot og er kasserar). Kvar avdeling har ansvar for å stille med kaker, bollar, frukt, kaffi osv. Underhaldning felles frå kvar avdeling.
 - Fleire foreldre kan tenke seg meir dugnad i barnehagen, t.d kvar vår. Oppfordre alle heimar til å stille med ein vaksen, fordele vaksne og arbeidet over to ettermiddagar/kveldar (alle stiller på dugnad ein av dagane). Stiller barnehagen med litt maling osv er det mykje arbeid foreldre kan gjere.
- SU er positive til dugnad. Mykje som er slitt på uteområdet. Barnehagen lagar ein oversikt på kva som trengst å gjerast. Det er mykje me kan få gjort om ein familie stiller med ein person.
- Teknisk drift har ansvar for å utbetra nødvendige ting ute og inne etter kvart, og vaktmeister Geir er innom kvar veke for å utføra denne jobben.

- Sidan det er grendahus i Kjørnes barnehage er det òg mogeleg å spørja Kjørnes vel om dei kan vera med å kalla inn til dugnad i barnehagen viss det er få foreldre som stiller opp.
- SU bestemte at til Sommarfesten 2022 tek kvar familie med seg det ein ynskjer av mat, og barnehagen stiller med grill som tidlegare. Men foreldrerepresentantar delegera kakelister til foreldra.
- Me fortsette med deling i grupper, nyttar nærmiljøet og går i smågrupper som under korona.
- Me fortsette med avslutningsfest for rosa gruppa ein ettermiddag/kveld. Viktig å gjera stas på rosa-gjengen før skulestart.
- Har hatt ei spesiell tid med korona, men det har me løyst fint.
- Bursdagsmarkering tek me avdelingsvis. Fint om me fortsette med å markere sommarbarna før ferien.
- Me fortsette å arbeida med overgangen barnehage – skule slik som tidlegare; me besøker skuleområdet, øver på å ta buss, har skuleførebuande aktivitetar og blir invitert til førskuledag og besøk på SFO. Har greidd å gjennomføra det meste gjennom korona-tida òg.
- Årsplanen er godkjend av SU.

Sak 13/21 Innkomne saker frå foreldre

- **Hovudporten, enklare låsing**
 - Har bestilt Quick Lock barnehagelås (kulelås) til hovudporten, som vaktmeister vil montera når den kjem.
- **Trivselstiltak i lavvoen**
 - Tilsette meina lavvoen er blitt veldig lys og rein etter me fekk nedvask av den etter røykutviklinga i juni.
 - Viktig med god dialog mellom foreldre og tilsette; tilsette trenger å få tilbakemeldingar frå foreldre for å kunne leggja til rette for gode tiltak og løysingar på levering for dei borna som vegra seg litt om morgonen. Eitt av tiltaka kan vera at vaksne møter dei ungane i døra.

- Viktig at alle vaksne framsnakkar lavvoen og Furehaugen.
- Tilsette ser at ungane har det veldig kjekt og dei har god, kreativ leik med færre konflikhtar når dei er ute på Furehaugen.

- **Saker Olaug Marie Bjelde tek med vidare som eigarrepresentant:**
 - Passa på at det som står i barnehageplanen i forhold til opprusting av Gulehuset blir følgd opp. Viktig at kommunen har ein plan på vedlikehald har barnehage- og skulebygg, og at det er satt av midlar til det.

 - Ta opp til vurdering angående rydding av leiker og utstyr ved stengetid.
 - Hønseriet vårt er positivt for Kjørnes barnehage; mykje god læring i det.
 - Blir satt av tid til val av foreldrerepresentant for kvar avdeling på foreldremøte.